



Hordaland Fylkeskommune - Regionalavd.  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/792 - 16/7867

Saksbehandlar:

Tonje Nepstad Epland

tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:

20.06.2016

## Lingalaks lokalitet 11754 Bøøy i Radøy kommune - søknad om justert plassering - offentlig ettersyn

Dykkar brev av 12.02.2016 som gjeld søknad av 19.04.16 frå Blom Fiskeoppdrett AS om justert plassering for lokalitet 11754 Bøøy i Radøy kommune.

Grunngjeving for søknaden er at omsøkt plassering er i samsvar med faktisk plassering sidan 2008.

Radøy kommunen har lagt søknaden ut til offentlig ettersyn den 15.05.16 med merknadsfrist 15.06.16.

### Uttale frå Fiskeridirektoratet av 17.06.16:

Fiskeridirektoratet har ikkje merknad til endra plassering av anlegget, men er uroa for utviklinga på lokaliteten:

*Vi peiker samstundes på at resultatane frå den siste miljøundersøkinga i april 2016 viser at nærsona til anlegget framleis er belasta frå tidlegare drift sjølv etter 2 år med brakklegging. Fiskeridirektoratet er uroa for utviklinga på lokaliteten og understreker viktigheten av å følgje opp overvaking av miljøet med nye MOM-undersøkingar etter NS 9410:2016. Neste MOM B skal iht. standarden utførast ved halv maksimal belastning og ved maksimal belastning.*

### Løyve frå Kystverket:

Kommunen har motteke kopi av løyve frå Kystverket datert 07.06.16.

### Planstatus:

Radøy kommune har vurdert søknaden som planstyresmakt.

---

**Post**

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

**Kontakt**


Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634



**RADØY**  
den grønne øya

Overflateannlegget ligg så vidt kommunen kan vurdere innafør område sett av til avkvakulturanlegg i Kommuneplan for Radøy kommune. Fortøyningar ligg delvis ut i flerbruksområde for bruk og vern av sjø og vassdrag. Plassering av anlegget er etter kommunen sin vurdering i tråd med plan.



Utsnitt frå Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23

#### Naturmangfald:

Kommunen legg til grunn at tilhøvet til naturmangfaldslova vert vurdert av vedtaksstyresmakta.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

Løyve til etablering av anlegg for oppdrett av laks og aure - lokalitet 11754 Bøøy - Radøy kommune - Hordaland

Kartvedlegg - lokalitet 11754 Bøøy - Radøy kommune - Hordaland

Blom Fiskeoppdrett AS 840215512 - Søknad om endring på lokalitet 11754 Bøøy i Radøy ko(1)

#### **Kopi til:**

Blom fiskeoppdrett AS

#### **Mottakarar:**

Hordaland Fylkeskommune -  
Regionalavd.

Postboks 7900

5020

BERGEN